



PROSJEKT: KARTLEGGING OG VERDSETTING AV FRILUFTSLIVSOMRÅDE I HORDALAND 2014-2017

Osterøy kommune ønskjer å halde fram med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i tråd med rettleiar M98-13. Kartlegginga legg særleg vekt på nærmiljøområder, ferdsselsårer og grøntområde i og nær busetnad/tettstader.

I samband med utarbeiding av kommunedelplan for sjø- og strandsona vart det gjennomført eit forprosjekt med kartlegging av funksjonell strandsone i kommunen i 2014. Til dette forprosjektet vart Osterøy kommune tildelt kr 60 000,- i støtte. Kartlegginga har utgreidd verdiar knytt til strandsona og tok særleg for seg tilgjengeleghet og friluftsliv. Kartlegging av den funksjonelle strandsona har lagt til grunn for avgrensing og utarbeiding av kommunedelplanen for sjø- og strandsona.

Planavdelinga ynskjer no å søkje om midlar til å halde fram kartlegginga for resten av Osterøy og til å utvikle ein kartbasert løysing for innspel som innbyggjarane kan nytte til å rapportere inn sin bruk og kunnskap om friluftsområda i Osterøy. Vidare vil ein utarbeide temakart for friluftsområde i Osterøy. Kartlegging av friluftsområda vil utgjere eit viktig forarbeid for rullering av kommuneplanens arealdel.

Ressursar:

Lars Johan Fjelde (landbruksavdelinga)
Grete Birkeliid (frivilligkoordinator)
Magne Verpelstad (Rektor vidaregåande)
Jostein Klette (planavdelinga)
Siren Juliussen (planavdelinga)
Kai-Henry Haugen (GIS-koordinator)

Referansegruppe:

Barnas turlag og Osterøy turlag	Fotlandsvåg idrettslag
Bergen og omland friluftsråd	Fotlandsvåg Helselag
Bruvik grendaråd	Hamre grendaråd
Bruvik idrettslag	Hamre Helselag
Bruvik Helselag	Hauge grendaråd
Bysheim grendaråd	Hauge Helselag
Fotlandsvåg grendaråd	Haus speidergruppe

Haus grendaråd	Osterøy Idrettslag
Hjellvik Helselag	Osterøy klatrekklubb
Hjellvik grendating	Osterøy Jeger og fiskeforening
Hjellvik Idrettslag	Osterøy fråhaldslag
Hosanger Helselag	Osterøytrimmen
Lonevåg sportsfiskarlag	Tysse grendaråd
Lonevåg grendaråd	Ungdomsrådet
Lonevåg Helselag	Valestrand grendaråd
Mjøsdalen grendaråd	Valestrand Helselag
Mjøsdalen Helselag	

Prosjektkoordinator:

Fylkeskommunen har rolla som prosjektkoordinator og skal motivere kommunane til igangsetting, gje fagleg oppfølging undervegs, sikre erfaringsutveksling mellom kommunar, bidra med maler og rasjonalisere arbeidet.

Framdriftsplan	Tid
Oppstartsvedtak, inkl. nedsetting av arbeidsgruppe og referansegruppe	03.06.15
Første møte i arbeidsgruppa: Metodikk/arbeidsform, få tak i informasjon om friluftsområda, avgrensing områder/test av metodikk	Juni 2015
Systematisering av eksisterande informasjon, kontakt mot barnehagar og skular (med vekt på tettbygde område)	Sept 2017
Møte i arbeidsgruppa: Avgrensing og skildring av friluftsområde	Sept 2017
Møte i arbeidsgruppa: Verdisetting av friluftsområda, ferdigstilling av manuskart og tilhøyrande tabell med eigenskapar og skildring for kvart område	Okt 2017
Digitalisering av friluftsområda og utarbeiding av enkelt kart på nett (for kvalitetssikring)	Nov 2017
Rapportskriving (kort oppsummering av gjennomført arbeidd)	Nov 2017
Kvalitetssikring (evt. ei enkel høyring) og eventuelle justeringar	Nov/des 2017
Møte i arbeidsgruppa: Korrektur kart	Jan 2018
Ferdigstilling av digitalisering/SOSI-fil og kort rapport	Jan/feb 2018
Presentasjon i kommunestyret	Mars 2018

År	Utgifter	Sum
2017	Lokal prosjektleiing	35.000
2017	Utarbeide innspel løysing i kart (Nordhordlandkart.no)	15.000
2017	Kartlegge friluftsområde for indre deler av Osterøy	50.000
2018	Ferdigstille verdsetting og digitalisering av dei kartlagde områda (for utarbeiding av interaktivt kart)	35.000
2018	Skrive rapport og kvalitetskontrollere sosi-standard for temakart.	25.000
	SUM	160.000

År	Inntekter	Sum
2014	Eigeninnsats og finansiering frå kommunen	80.000
	Prosjektmidlar frå Hordaland fylkeskommune	80.000
Totalt	SUM	180.000

Vi søker med dette om 80.000 kroner til kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Osterøy kommune.

Dato: 14.02.2017 Stad: Lonevåg

Siren Juliussen
Planleggjar



T / 56 19 21 00
 D / 56 19 21 75
[E / siren.juliussen@osteroy.kommune.no](mailto:siren.juliussen@osteroy.kommune.no)
 W/ www.osteroy.kommune.no // www.osteroy.kommune.no/plan